



Møte i det kommunale foreldreutvalet, KFU, Kommunestyresalen, 21.9.17.

Til stades:

Tussejuv barnehage: Kjersti Aase
" " Marte Kildal
Heddeli barnehage: Janne Bakken
Åmotsdal barnehage: Bjørn Egil Nordgarden
" " Eldbjørg Haugan
Flatdal skule: "
" " John Olav Haugetuft
Seljord barneskule: Mona Mundal
Ronde Ingeberg Schade, kommunalsjef
Tone Bøhn, pedagogisk konsulent

Saker:

Sak 01/17: FAU/ KFU - organisering, funksjon.

Møte i KFU er ikkje lovpålagt, men erfaring viser at det kan vere eit nyttig møtepunkt for å få ut informasjon og for å drøfte korleis foreldre kan involvere seg i viktige saker for barnehage og skule. Gjennomgang av dei ulike foreldreorgana, foreldreråd, SU, FUG (Foreldreutvalget for grunnskole) og FUB (Foreldreutvalget for barnehage). Dei to siste organa har mykje nyttig informasjon på nettsidene sine.

<http://www.fug.no/>

<http://www.fubhg.no/>

Sak 02/17: Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021.

Kommunestyret har bestemt at vi skal spare inn 2,5 mill., men det er ikkje fatta endeleg vedtak om kva vi skal spare inn dette. Ei tiltaksliste frå våren 2017 blir lagt inn i budsjettarbeidet, og framlegg til nedskjeringar blir lagt inn i budsjettframlegget til rådmannen. Når dette blir lagt fram offentleg, kan foreldra og foreldreutvala prøve å påverke prosessen.

Dei viktigaste utfordringane i sektoren slik kommunalsjef ser det:

- Seljord driv nøkternt i skulesektoren samanlikna med resten av Vest-Telemark.
- Skulesektoren har hatt lite investeringar dei siste åra i forhold til resten av kommunen.
- Flatdal skule er veldig nedsliten, og treng mykje opprusting, helst påbygging.
- Barnehagane opplever at dei er pressa på bemanning, og ynskjer å kjempe for god nok bemanning. Bemanningsnorma er under vurdering av regjeringa.

Budsjettprosessen framover:

- Rådmannens framlegg til budsjett blir sendt ut i midten av november
- Formannskapet har møte 28. og 30. november
- Kommunestyret har møte 14. desember for å vedta budsjettet og økonomiplan

Framlegg om at FAU har felles møte i Flatdal og Sentrum for å kome med felles uttale i samband med budsjettet?

Budsjettet har vore oppe i SU i dei ulike barnehagane, m.a med fokus på bemanning.

Andre saker som har vore drøfta i ulike SU:

Uteområdet bak barneskulen, skulevegen, ljøs langs skuleveg, overgangar m.m. Dette blir sendt inn som innspel til budsjettet.

Sak 03/17: Aktuelle saker:

Kommuneplan, utvida skuleveke for alle elevar, lekser m.m.

Prioriterte saker i undervisningssektoren dette året:

- Auka leiarressurs for rektorane
- IKT-ansvarleg ved kvar skule
- Struktur ved skulane: auka samarbeid på faglege tema, vurderer å samordne leiarressursar meir, noko som kan frigjere ressursar til styrkingstiltak retta inn mot elevar på lågaste faglege meistringsnivå. Auka samarbeid mellom rektorane på barneskulane. Auka samarbeid mellom SFO-ordningane, felles årsplan, felles rutinar, skjema m.m. Viktig å merke seg at skulestrukturen er "freda" av kommunestyret, og at meir samarbeid mellom skulane og skuleleiinga handlar meir om auke i kvalitet, ein felles "Seljordskule". Gode erfaringar frå tilsvarande samarbeid mellom Heddeli og Flatdal barnehage.
- Vurdere innføring av 5 dagars skule. Vi har operert med 4 heile dagar for dei minste elevane, m.a. har det vore enklare for skyssen. Men når staten innfører fleire undervisningstimar også for dei lågaste trinna, har vi ikkje meir å gå på innanfor ramma av 4 dagar. Reint fagleg ser vi at læringstrykket høver best for kortare skuledag spreidd på 5 dagar. Dette vil sjølvstakt krevje meir av SFO eller andre ordningar.
Foreldra er bekymra for om dette vil gjere tilbodet etter skuletid dyrare fordi ein blir "tvinga" til å bruke SFO som ein må betale for. Kommunalsjef skal utgreie dette, og har alt tankar om samarbeid med kulturskule, idrett, barnekor o.l., det er viktig å sjå på dei økonomiske sidene av dette i tillegg til dei praktiske.
Kommunalsjef har laga eit drøftingsnotat som foreldrerepresentantane kan ta med seg tilbake til foreldretutvala. Dette er sendt ut til alle rektorane. Vi kan ev. leggje det ut på heimesida vår og lenke til litt faktakunnskap, artiklar, og skular som alt har hatt denne ordninga ein stund. Må setje ein frist for innspel.
Flott om FAU/SU kan kome med innspel på saka.
Aktuelt med ei spørjeundersøking?
- Lekser. Skulesektoren ynskjer og å sjå på lekser og moglegvis leksefri skule på sikt. Korleis ser vi på lekser, kva for type lekser, mengde, samarbeid skule og foreldre om lekser. Dette ligg inne i drøftingsnotatet om 5 dagars skule.
Viss det blir leksefritt - korleis skal foreldra fylgje med då? Mange foreldre er bekymra for korleis dei kan fylgje med på skulearbeidet og utviklinga til eleven. Viktig å få til gode ordningar som gir foreldra måtar å fylgje med på skulearbeidet.
Kommunalsjef har vore i kontakt med ein skule som har vore leksefri i 17 år, og erfaringane derfrå er veldig gode. Der var det stor skepsis frå både lærarar og foreldre, men det har gått veldig bra. Dette ynskjer skulesektoren å sjå meir på.
Kan det vere aktuelt å leggje inn meir leksearbeid/ eigentrening, og mykje fysisk aktivitet i eit ev. 5 dagars skuleopplegg?

Kan denne debatten og bli teke i FAU i barnehagane? Det vil jo bli aktuelt for dei foreldra og, og mange familiar har barn både i barnehage og skule.

Fint om debatten kan bli fristilt frå kva vi har hatt før, tradisjon, vanetenking, og at vi kan rette det mot kva vi trur blir best mogleg for barna og familiane. Debatten må dreie seg om 4 eller 5 dagars skule, lekser/ leksefri, kost i skulen, fritidsaktivitetar inn i skuletida m.m. Debatten om 5-dagars skuleveke bør bli teken i haust, før nyttår.

Det er opp til FAU ved kvar skule korleis ein legg opp til debatten. Kommunalsjef sender melding til alle skulane om at alle klassene som enno ikkje har hatt foreldremøte, kan ta med denne debatten på møta.

Sak 04/17: Skuleruta 2017-18.

Skuleruta blir fyrst bestemt av Fylkeskommunen, og så blir den samordna opp mot skyss. Seljord kommune har liten innverknad på skuleruta. Skuleruta ligg på heimesida.

Sak 05/17: Bruk av kommunal heimeside for FAU; innkallingar, referat, Facebook o.l.

Foreldra ynskjer at referat frå alle møte i FAU, SU og KFU blir lagt ut på heimesida. I staden for å sende referata til alle foreldra, kan vi sende ut lenka til heimesida. Då vender vi foreldra til å bruke heimesidene.

Viss folk ikkje finn det de leiter etter på heimesidene, så ta kontakt med Tone Bøhn, så kan ho finne ut av det, leggje inn alternative søkeord eller rydde litt.

tone.bohn@seljord.kommune.no

Sak 06/17: Eventuelt

- IKT. Vi jobbar for å få på plass eit digitalt "meldeboksystem" både i skule og barnehage der det blir enkelt å kommunisere bae vegar elektronisk via mobil, sms, app eller liknande. Fronter i skulen er under endring, og vi jobbar for å finne alternativ portal. I tillegg ynskjer foreldra eit system med meldingar på sms, dette er like aktuelt for skule og barnehage. Dette er aktuelt som tovegs system, foreldre kan melde frå viss barnet er sjukt, avdelingane kan melde frå om ting blir avlyst, beskjedar, påminningar, ved beredskap o.l. Flatdal skule vil vurdere og prøve ut eit opplegg så fort som råd. Det finst mange leverandørar, så vi er i gang med å sjekke ulike løysingar.
- Digitalisering. Korleis nå t.d. dei minoritetsspråklege familiane og andre familar som ikkje har pc og e-post? Dette jobbar administrasjonen med, m.a gjennom eit samarbeid med flyktingtenesta for å få ut, ev. oversetje informasjon.
- Budsjett: viktig å få innspel om budsjett frå FAU eller SU frå avdelingane. Kan sende innspel til kommunalsjefen. Send innspel når rådmanens framlegg blir lagt ut, få fram viktige tema; oppussing av Flatdal skule, bemanning i barnehage, sikring av skuleveg m.m.
- Det er mange måtar å påverke i budsjettprosessen, lesarinnlegg, snakke med politikarane, sende inn innspel.
- Evaluering av møtet og behov for fleire møte i KFU? Det er ynskje om å ha eit møte til dette året, vi legg inn ein dato for eit møte til våren i referatet.
- Neste møte i KFU skule og barnehage: Tysdag 20.mars 2018.

Ref. Tone Bøhn